

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggeleg blad gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 1

Januar 1967

3. årgang

VÅRT BØNELIV. III.

Av Gudmund Hjorthaug.

Korleis læra å be ?

Når me ser på kor mykje me har forsømt gjennom åra som er gått, når det gjeld bón og forbón, kor ofte me me vert førde på avvegar i vårt bøneliv og korleis me gong etter gong vart motlause og gav opp, - ja, då vert det eit rop i hjarta vårt: Kan det verta onnorleis med mi bón? Herre kan du stella med meg og læra meg å be? Me lyt seia som Peter ved Genesaretsjøen «Herre du veit alt». Og som læresveinane her: «Herre lær oss å be».

Me får sjå at Herren heller ikkje viser denne bóna frå seg, men at han høyrer den og gir dei svar på den. Svarer finn me i kap. 11 hjå Lukas.

Først gav han dei og oss si eiga bón, Fadervår. Tru om me ikkje går alt for lett forbi denne bóna, og er redde å bruka ho ,fordi me så ofte såg ho misbrukt til tome former, vanar og kristeleg pynt på meir eller mindre verdsleg samvær? Men når Jesus gav oss denne bóna, så var det for at me skulle få noko av ho og læra noko ved ho, ved rett åndeleg bruk! Her ligg sikkert uendelege rikdomar løynt, som i alle fall eg ikkje ser så mykle av. Kan henda me heller ikkje skal sjå, men

berre få dei ved å bruka bóna rett. Så like til og enkel er ho.

Jesus vil her på ein særsla måte visa oss at *Gud er vår far*, som lengtar etter å gi oss alt me treng til i alle livets forhold. At han er vår far, som ikkje berre ser til den einskilde, men til heile sin barneflokk på jord — lyder på deira bóner og syrgjer for deira velferd, tymeleg og åndeleg. Dertil så viser han oss at det første er at Guds namn blir helga og at riket hans går fram. Han har hjartelag og makt til å gi og til å venga alt til det beste for sitt rike og for oss, i tida og for æva. (Rom. 8, 28).

Dernest svarar Jesus med enno ein gong å visa til alle løfta om bønhøyring : Bed, så skal de få ! Leita, så skal de finna ! Banka på, så skal det lukkast opp ! Meir enn ein ven hjelper ein ven, og ein far gir barnet som svelt, — vil vår Himmelske far høyra og svara når me ber !

Men det han først og fremst ynskjer å gi oss er sin Heilage Ande. Og kvifor det? Jau, berre ved *han* kjem mitt forvende hjarta i rett forhold til min Himmelske far. Ved *han* får eg sjå at eg er uverdig til alt godt — sjølv den minste småting — om eg enn ber aldri så mykje. Men i Jesus har eg fått rett

og frimod til å be om alt eg treng. Han er verdig i min stad (2. Kor. 1, 22) og han syner seg for Guds åsyn for vår skuld (Hebr. 9, 24) Ved den Heilage Ande får eg augo opna for kva som er vår største trøng frå dag til dag. Av *han* får eg av den same nauda og om-suta for sjelene som Gud har. Ved han får eg og nåde til å venta på Guds time — og be medan eg ventar. Ved *han* får eg kvila i løfta, kvila i vissa om-at eg i Guds miskunn og kjærleik har

svar — alt før eg ropa (Esa. 64, 25).

Ja, ved *han* får eg gleda meg og lo-va Gud, både for svar som kom, og for svar som ventar! Alt til Guds æra og lov!» Av han, ved han og til han er alle ting.

Herre takk at du ennå ikkje har teke den Heilage Ande frå oss! Herre gi oss meir av den Heilage Ande, så han kunne verka noko av dette i oss, — i meg — medan det enno er nådetid!

I Guds skole

Av Johs. Brandtzeg.

Når vi kristne kaller livet en skole, så er ikke det bare en mer eller mindre vellykket åndrikhet eller et uttrykk for menneskelige funderinger over hva livet er og hva det gir. Å kalle livet en Guds skole har sin gode grunn i bibelske utsagn. Selve ordet disippel betyr en som får undervisning, som går i skole om han ikke akkurat behøver å sitte på en skolebenk i et klasseværelse. Det norske ordet er lærling eller som landsmålet har det, læresvein.

Det er altså en bibelsk tanke at en Jesu disippel, en kristen, er et menneske som får guddommelig undervisning, en som går i Guds skole.

Hver bibelleser vet ellers at ordet lære blir brukt flere ganger av Jesus, f. eks. i Matt. 11, 29: Lær av meg, for jeg er saktmodig og ydmyk av hjertet. Dersom en slår opp i en bibelordbok, vil en se at ordet brukes ofte i de apostoliske brevene i en liknende mening som her.

For meg har det betydning å vite at uttrykket Guds skole ikke er et laget

(Hebr. 12, 8—11)

kunstord, men et uttrykk som naturlig har sitt utspring i bibelske tanker og ord. Ellers ville jeg ikke være så glad i å bruke det og tale om det.

I en forstand kan vi kanskje si at alle går i Guds skole, med eller mot sin vilje. Men her skal vi bare tale om de personlige kristnes skolegang i Guds skole. Trolig har det også vært tanken hos de som har satt opp emnet.

I Hebr. 12, 10 står det: Hine (våre kjødelige foreldre) tuktet oss for noen få dage (dvs. for at vi skulle bli brukbare mennesker for livet her på jorden) etter sitt tykke, men han (åndenes fader) tukter oss til vårt gavn (han begår ingen feil) for at vi skal få del i hans hellighet.

Dette er altså vårt oppdragelsesprogram: For at vi skal få del i hans hellighet. Vi skal bli hellige som han. Absolutt rene. Hver syndens trevl i oss skal rykkes opp og slites ut.

Det er forferdelig. Her kan det ikke vises noen skånsel. Om det vanhellige i oss er aldri så kjært, om det er aldri

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : Stord

S. Botnens Boktrykkeri, Stord

Red.: Amund Lid, Norheimsund

Eksp.: Margr. Skumsnes, Kårevik

Stord Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde oppe med frivilj. gåver

Norsk Lutherisk Lekmannsmisj. :

Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, Stord. Tlf. 69

Kass.: Sverre Bøhn, Norheimsund
postgiro nr. 68213

Bankgiro : Vikøy Sparebank
Norheimsund 10093/955

slipesten og sliping. Om det så ikke er rikelig forsyning med Guds nådes vann til å fukte stenen med, vil du få høre gniksing og mange slags ulyd, og stenen vil sprute både gnister og ild. Du behøver ikke der å leie noen til å dra steinen, for der drar den seg selv.

Du trodde kanskje at du var et alminnelig snilt og medgjørligt menneske og en bra kristen. Men nå kommer det skjulte i deg fram i klar dag. Det skjer for at du selv kan se det og være med på å levere det ut. Det er først da opprykkingen og utplukkingen av din ondskap kan foregå grundig når du selv sier : Herre, ta det ! Herre, fri meg i din nåde fra denne styggedommen, fra dette ømtålige, sårbare sinnet, fra denne skarpe tungen.

Derfor må nødvendigvis denne skolen bli merket med tukt, ja med saltet ris som svir like inn til sjelемargen.

Den lærdom er så besk og sur som døden selv for vår natur. Det synes alt for tungt og svart for Adams flintehårde art.

Derfor må vi ha vårt Getsemane og vårt Golgata, sjelekval og korsdød om og om igjen. Å, Far, ta denne kalken fra meg. Jeg greier det ikke. Det bærer like i avgrunnen med meg.

Men han tok ikke kalken vekk. Han sendte deg en engel, og uventet og underlig svalende som duggen en sommermorgen ble din sjels hete feber forvandlet til mild ro. Enda en gang fikk du kjenne at hans åk er gagnlig og hans byrde lett.

Den helligheten som i Guds skole skal brennes inn i oss, har en ytterside og en innerside.

Innersiden er alle de hellige sjellebevegelsene som settes i gang i oss ved Guds tukt og mange slags undervisnings og oppdragelsesmidler. Det er alle de hellige tankene, hellige synene,

så sammenvokset med vår innerste natur, med vårt temperament og våre karaktereiendommeligheter, må det likevel ut. Om det kjennest bittert som døden, ut med det likevel !

Jeg hørte en gang en kjenning si i en bitter stund : Uff, alt mulig i meg må dødes. Ja. så grundig og skånselsløst går det enkelte ganger til at endog det som i seg selv er uskyldig og godt, må ofres og dødes fordi min natur er så snar til å bruke det til det som ondt er.

Derfor setter Gud deg ofte i vanskelige forhold, i irriterende situasjoner sammen med irriterende menesker som vil bringe det onde som er skjult i deg, fram i dagens lys.

Om du setter en skarp tunge og et sårbart sinn i samme stue, så kan du tro det skal bli leik. Sett en som er flott anlagt, som ikke har noe slags bringeverk om han skal ut med en femkrone, sammen med en som er sparsommelig og formelig har skrek for en femtiøring, eller sett en som er brå og ilter sammen med en som er seig og langsom, så blir det en råd både med

idealene, ønskene og alt det skjulte som vi ikke har noe navn på. Dette er andeng kapital som er mottatt og skal settes om i gangbar mynt for det praktiske arbeidslivet og samlivet mellom menneskene. Det er yttersiden, det et menneske kan se og høre i et hellig vesen, i hellig behersket tone og tale, i ord og handlinger. Det har fått stempelet av den kapital av guddommelig ånd og liv som Gud har øst ut i hjertene våre.

La meg nevne en enkelt ting av de mange slags åndelig kapital som hører hjemme i hjertets verden og er et resultat av skolegangen i Guds skole.

Det er sikkert nok og aldeles uimotståelig at vi alle sammen er noen yngelige stypere. Om vi ble kledd åndelig nakne, om all vår yngelige, medfødte, seiglivede egoisme, selvskyte og æreskyte, småligheten og ondsinnet behag i andres feil ble stilt ut så de andre kunne se det, om alle de urene og vannhellige tankene og sjelerørelsene som våre beste handlinger er smittet med, ble fotografert med den guddommelige helighets røntgenstråler og stilt ut på forgengelighetens markedsplass der de hører hjemme, min ærede og hedrede venn, jeg er redd at det da ikke finnes den hule som ville være dyp nok og mørk nok til å skjule skammen din.

La meg få nevne for dere et par hverdagslige ting som fordi de er så tilsynelatende ubetydelige, gir et godt bilde av vår ubendige egoisme. Når det sitter et lite lag sammen og snakker om sine større eller mindre opplevelser, og en i laget holder på å fortelle noe om det han har opplevd, så er det formelig en komedie å legge merke til hvordan de andre er sprekkeferdige for å komme til orde. Så snart det kommer en liten pause, ja, ikke alltid venter de

til pausen kommer engang, men snaper ordet fra den som har det for å komme til med sitt: ja, men jeg, jeg, jeg. De hører ikke på det de andre forteller, men de sitter bare og hikster etter selv å få bre seg ut om sin egen merkverdige person og sine egne merkverdige opplevelser. Og ofte er det sanneilig ingen overflod av alminnelig hofflighet under slike samtaler.

Når det hender at et eller annet er gått galt, kan du høre at det blir sagt med stor iver og ettertrykk: Ja, det sa jeg med det samme. Nettopp det tenkte jeg straks. Det kunne jeg sagt med en gang. Ja, min venn. Det er kjekt å høre at du virkelig er så vis. Bare skade at du er nødt til å avertere det selv. Det gir slik en lei bismak.

Ut fra slike uimotståelige kjensgjerninger må jeg ha lov til å spørre: Er du i Guds skole blitt en ydmyk kvinne, en ydmyk mann, en ydmyk kristen som ikke er så sikker og overbevist om noen ting i verden som dette at du er en yngelig styppe, trass i at du aldri så mye er leder her og formann der og andre holder pene taler for deg og dekorerer deg med pene ord om alt det gode du har sagt og gjort?

Det er grufullt å tenke på hvor mye yngelighet vi predikanter drar med oss opp på talerstolen. Det er grufullt å tenke på hvor mye småtteri og elendig småpirkeri vi alle sammen sleper med oss i dagliglivet. Dette er ikke minst tilfelle på den plassen som for mange av oss er den vanskeligste plassen i verden, vår egen stue.

Jeg mener at å innse dette er grunnvesentlig og svært nødvendigt om det i det hele skal komme noe ut av Guds strev med oss i skolen.

Dette og alt det andre som Gud gav oss i hjertets verden, skal omsettes i praktisk livsvirkelighet framfor alt på

de vanskeligste punktene i livet vårt. Nettop der hvor vi etter vår onde natur unnskylder oss og rettferdiggjør oss med at de andre er så bakvendte og vanskelige, unnskylder og rettferdiggjør oss med den dårlige fordøyelsen og de dårlige nervene våre og med at vi er slitne og har sovet dårlig. Unnskylder og rettferdiggjør meg med at jeg er så og så sårbar nettopp på det punktet, og det er det andres plikt å ta hensyn til. Det kan nå sannelig bli for prøvsomt og for et stakkars menneske!

Hvordan er det gått med dette å omsette de indre livsverdiene til ytre praktisk, synbar og hørbar livskunst?

Det er nemlig ved å omsette det slik at helligheten gror fast i oss så den gjennom stadig gjentatt handling blir til hellig vane og hellig natur. Hvordan er det gått?

Mine venner, hvordan skal det gå oss, hvordan skal det gå meg når jeg en dag får presentert for meg min gjeld for ubrukt nåde, for all den rike nåden som ble utgydt i mit fattige liv, men som duftet vakk uten å få noe resultat i kjærlig vesen, i ord og handlinger som skulle vise en avglangs av Gud, han som jeg er barnet til? Hvordan skal det gå meg?

Å, dette er en tung tanke! Er vi ikke noen yngelige stympere? Jeg vil oppriktig håpe at det ikke er mange som har så mye å svare for i dette stykket som jeg vet at jeg har. Det er bare en eneste trøst. Jeg øyner ingen annen utvei med denne tunge, store gjelden enn at den på forfallsdagen for all verdensgjelden må være grundig strøket over ved Jesu Kristi, Guds søns blod, med Lammets dyre blod. Gud skje lov for at jeg tør tro det.

Jeg har tegnet et mørkt bilde. Men jeg tror ikke det er for mørkt. En ting vil jeg så minne om til slutt, en lys

tanke, en tindrende klar guddommelig virkelighet.

Den store kunstneren Michel Angelo hadde fått som oppgave av paven å utsyre taket i det sixtinske kapell med malerier. For å kunne utføre dette arbeidet måtte han sette opp en hel del stillaser. Mens han i uker og måneder holdt på med arbeidet sitt, var det ingen som kunne se eller ane den verden av skjønnhet som mesteren tryllet frem, for alt var skjult av stillaser og taug, stiger og arbeidsredskaper. Men en dag var han ferdig. Stillasene ble tatt ned og alle arbeidsredskapene fjernet. Da kom den rikdom av skjønnhet og farger for dagen som ennå veker undring.

En dag, når Guds arbeid med oss er ferdig, kommer Guds sendebud, som vi kaller døden, og alle livets arbeidsredskaper blir tatt vekk. Da sees i uforkrenkelighet det Guds menneske som ble formet under livets kamp i Guds skole. Når jeg på denne lyse morgenens til evighetens jubelår for evig er utfridd og frikjent, når alle Jordens skyer bare er skygger og minner, når jeg synker i frelserens armer, da skal det likevel vise seg at det i de mange eller få ärene var gjort et nådens verk i mitt fattige liv. Så skal Gud likevel få ære fordi han frelse en synder som meg.

Hvordan går det for seg? Hvorledes kan jeg ha en slik overbevisning? Det er bare et svar, og det ene svaret er bare på et ord. Det ene ordet er Jesus. Han som kjøpte oss med sitt blod, vil ikke forlate oss. Det var rimelig om han reiste fra en slik ond og bakvendt slekt, om han ikke lenger ville tolle oss. Men han reiser ikke fra oss. Alle dager vil han være med oss. Feiltrinene våre, syndene våre, alle de ubrukta anledningene, den skammelige utroskapen vår fyller hjertet hans med øm med-

følelse. 7 ganger 70 ganger rekker han på nytt ut sin sterke arm og redder oss fra den avgrunnen som holdt på å sluke oss. På en eller annen underlig måte skal han oppveie disiplenes vanstro og vanmakt og all satans snedige ondskap.

Derfor kan jeg ikke være enig med den mannen som har sagt at Guds folk tar seg best ut på avstand. Nei, jeg er glad i dette tuktede, kjempende Guds folk. De er mine brødre. Det er mitt folk. Jeg hører fra dem det samme sukket som bor i min egen barm. Vi synger våre beste sanger om det håp som

vår far har gjemt for oss alle. Gud skal triumfere gjennom oss når Guds folk ikke mer skal se så mye som en skygge av en fiende, og døden og helvedet er kastet i ildsjøen.

*Min båt er liten og havet stort,
det rommer tusener farar.
Men storm og bølger ei skyller bort
det skip som Herren bevarar.
For ennå skjer det som før det gjorde
når Jesus selv kommer innen borde,
da legger havet seg igjen.*

Fra «Gjennom ild.»

Død og levende tro

Å ha en tro som aldri kan anfektes, som aldri kjemper, aldri er i nød, det kan en ha, det skal da aldri nektes, men den slags tro er ubetinget død.

En tro foruten glede eller smerte. En tro foruten frykt for nederlag. En hjernens tro, foruten liv i hjertet. En tro som er et evig selvbedrag.

Den dømmes ikke av de onde ånder, men av vår Gud, for den har dødens ro. Så mangen en, som nå i pine vänder seg evig dømt, forbanner denne tro.

Du som i all din blindhet vil forfekte din døde tro, du er og blir fortapt Ransak deg om din tro er sann og ekte Er det en tro Guds ord og And har skapt?

Den sanne tro er skapt ved selve Ordet, og inn til Ordet må den stadig ty. Har du din tro ved Anden og det store Guds eget ord, så du er født på ny?

Den sanne tro tar næring så den mettes av Ordet at i Jesu blod og sår er full oppreisning. Deri gjenopprettes vårt liv med Gud, og vi har barnekår.

Olav Nergård.

Brev frå Andreas Bøe

Du ba meg skriva litt om landet og folket. Men det er vel ikkje verdt eg prøver konkurrera med geografien og konversations-leksikonet, som truleg

dei fleste heimar i Norge har.

Eg skal heller skriva noko om land og folk i samband med ein tur eg hadde sist helg. Det var ein tur til utsta-

sjonen Kuala Lipis i Pahang provinsen. Eg hadde nett fått passet mitt ordna, så nå står det «States of Malaya only» der det før sto «Batu Gajah only». Dermed kunne eg nå ta turen austover.

Kuala Lipis ligg så å seia midt inne i landet. Men turen blir lang, for først må eg ta toget sørover til hovedstaden Kuala Lumpur. Der overnatta eg, og tok så bussen vidare kl. 8,00 neste morgen. Billetten til Kuala Lipis på 3. kl. og opphald på eit kinesisk hotell kosta 14,30 m. dollar. Då det var same prisen til landsbyen Penjom nær Kuala Lipis, der me har misjonsstasjon, så gjekk eg av der. Det er Fru Liew (Ut. Lio) og frk. Quek som regjerer her. Det var eit par bibelskule-elevar som skulle ha møte, så det høvde godt.

Det er riktig ei kvila for meg å vera ute på reis her, for det blir som å reisa i Norge. På grunn av at alle vindauge er opne, så blir det ein god og sval bris. Dessutan så har dei også vifter i taket på toget.

Kva såg eg så av landet og folket? Ja, det var ikkje lite, for turen tek 12 timer. Då eg reiste tilbake, forlet eg Penjom kl 8,00 morgen og var i Batu Gajah kl. 8,00 om kvelden.

Malaysia innesluttar både Malaya og Sarawak og Sabah på Nord Borneo. På den delen som ligg på Borneo er det enno noko uroleg, (sjå nov. numr. av Det Beste) derfor seier visumet mitt: Gå ikkje dit.

Malaysia er kalla «Landet med det naturlege gummi». I 1952 produserte dei 603 800 tonn gummi, og i 1953 blei det eksportert gummi for 1288 mill. M. dollar. Så det meste eg såg på turen var desse mørkegrøne gummitrea, med nokre lyse-grøne blad i toppen. Troleg kjem det av at dei på sume tre har tappa for mykje av den mjølkeaktige sevja. Imellom desse gummiplantasja-

ne var det for det meste jungel — villniss. Jordbruket er forsømt, så eg såg berre ein og annan teigen med rismarker og litt grønsaker. Folket arbeider anten på desse gummiplantasjane, eller i tinngruvene. Malaysia har ca. 1/3 av tinnproduksjonen i verda, til ein verdi av ca. 1000 mill. Mal.dollar. Tre Mal.dollar er lik ein USA dollar. Sidan gummiplantasjane er så dominerande i landskapet, så vil me sjå litt meir på dei. Trea er planta i rekjkjer, med 4—5 meter mellom rekjkjene. Etter 7 år kan dei ta til å tappa av sevja (latex), og etter 50 år er det best å hogga dei gamle trea og planta nye. Når dei tappar sevja skjer dei eit godt snitt på skrå i borken, så sevja renn ned i koppen eller skåla som heng ved nedre enden av snittet. Dei kan sjølv sagt ikkje snitta rundt heile stamma, 2/3 er meir enn nok. Før middag tømer dei den kvite sevja i spenn og ber den til fabrikken. Der siler dei først sevja og set til litt edikk, og slår den så i former på ein tome djupe. Etter å ha stått stille i ca. 20 minuttar, storknar sevja så pass at gummien kan pressast ut til plater på storleik med ei dør-matta. Det er helst kvinner som tappar, og ei av dei kan ta seg av frå 200 —400 tre for dagen, og oppnå ca. 25 kg. med ei fortenesta på 5—6 M.dollar. Men tidleg må dei opp, for dei startar gjerne i femtida og har då lys bunde til pan-na. Dei kjem gjerne heim, som oftast på sykkel, i 13—14 tida, og så har dei deretter husstallet heime.

Samanlikna med Austen elles, så lyt me vel seia at stort sett så er her velstand økonomisk.

Nå er det tidleg morgen 24. desember — julaftan. Eg har hatt ein pause for morgonmaten. Det var havregraut av gryn frå Australia, pulvermjølk frå Sveits, sukker frå K. L., margarin eller

helst smør frå Australia, jordbersylte-tøy frå Skottland, dadler frå Iraq, og Maxwel House coffee frå N. Y., USA. Frukt: Bananer og annanas frå Batu Gajah. Elles også godt brød frå bakeriet her, men i dag åt eg «Malted Bread from Paris Bakery, Ipoh». Du ser det blir allsidig kost, og det treng eg m.a. fordi språket er så mangslunge!

Det er elles klart at matvarer må komma frå utlandet, sidan industrien tek så dominerande ein plass. Men regjeringa prøver å hjelpe dei som har kyr med subsidier. Det er helst inderane som driv med det. Og ennå i landsbyen her har kua forkjørselrett som i India. Det er også same kurasen dei har her. Ein kan læra noko av «nauta» og, å gå sakte i varmen.

Varmt er det her heile året, mellom 24–34 gr. selsius. Regntida er nå snart over. Det har vore godt med avsvalande torebygjer.

Men tilbake til turen min og landet. Såg dug på kartet, så undra du deg kanskje over at eg for så langt sør før eg reiste aust. Arsaka er at kjølen er ikkje ved austgrensa som i Norge, den går heller midt i landet. Vegen som bussen kørde var for det meste som ein karusell med snøgge svingar. Den steig opp i ca. 1000 m og så ned att — Elles så er det bra med jernbaner her. Hovedbanen tek til i Singapore (eit land for seg) og går nordover gjennom Kuala Lumpur og Batu Gajah til Penang i nord. Byen Singapore har nok lenge vore hamnebyen til S. Malaya liksom Penang for N. Malaya, men Port Swettenham har nå vakse mykje og er

næraste byen i vest for Kuala Lumpur, hovudstaden. Kuala Lumpur har 175 tusen innb. og Ipoh, provinshovudstaden her, har 67 tusen. Heile Malaya har 8 mill. innbyggjarar. Av desse er nesten halvdelen Malayarar, 38% kinesarar og 11% indarar. Muhammedanismen har mest tak på Malay folket. — Klokka 5,25 kvar morgon ljomar bøna frå moskéen over heile byen.

Elles så har statsministeren Tengku Abdul Rahman nys sagt i ein tale at «i vårt land, Malaysia, praktiserar me ikkje berre religionsfridom, men me faktisk oppmodar til — og vekkjer religionsfridom.» Det får eg minna han om, dersom Gud let meg møta han, at det også bør gjelda Malayarane.

Beir om Batu Gajah, staden der eg bur. Her er det kokusnøtt-palmen som dominerer omkring alle bustader, og dei blir svært høge. Men banan-palmen er også å sjå over alt der folket bur, og ho er mykje lågare. Det var vel helst denne palma dei brukar på palmesundag. Her er bra med hundar i byen, som varskuar når noko unaturleg hender om natta.

Stjernehimmelen er fin her. Orion er rett over hovudet på oss, og det samme er månen. Nordstjerna er vanskeleg å finna her. Ser de på henne i kring kl. 17,30, og eg ser på henne kl. 24,00, så ser me i same retning og på same tid.

Også i åndeleg meinung kan me gjera det, sjå Hebr. 12, 1 — fg.

Helsing

Andreas A. Bø.

Guds frykta sin løyndom

(1. Timot. 3, 16.) Av Amund Lid.

Evangeliet er ein løyndom for mange menneskehjarto. Sjølv om dei kan lesa det med det naturlege auga, så er det likevel ein løyndom som hjarta ikkje ser. Dette kjenner nok apostelen Paulus til når han bed menigheten i Efesus: «Og bed for meg med, at det må versta gjeve meg ord når eg opnar min munn, så eg med fritt mod kan kunn gjera *løyndomen i evangeliet*.» Det gjer også den songaren som syng: «Her ei kjelda renner, säl den henne kjenner. Ho er alle nær, gøynd, men openberr.»

Paulus gir fiendane sine etter kjøtet — jødefolket — det vitnemålet at dei har ihuge for Gud. Sidan dei ikkje kjende Guds rettferd, så streva dei etter å grunna si eiga rettferd, og gav seg ikkje inn under Guds rettferd. Dei var israelittar og hadde barnekåret, herlegdomen, paktene, lovgjevinga, gudstenesta og lovnadene, og frå dei var Kristus komen etter kjøtet, og endå var dei ikkje frelse. For dei såg ikkje og kjende ikkje evangeliet, som låg løynt i alt dette (Rom. 9 og 10 kap).

Her ligg truleg også årsaka for deg, som søker og leitar utan å sjå eller finna løyndomen i evangeliet. Så lenge du strevar med å grunna di eiga rettferd, så lenge vil du aldri få evangeliet openberra for hjarta ditt. Du strevar med å bli god, sann, rein og rettferdig i ord og i gjerning, med å bli ein rett kristen og eit lydig Guds barn. Til sine tider lid du under at du er så lettsindig og har så lite alvor, du har så lite nød over synda og for dei ufrelste, og du er så stolt, lite audmjuk og har så lite tru. I slike tider ser du at

du er ingen rett kristen, og di einaste von er knytta til at du skal bli betre og at det skal lukkast for deg, i framtida og med Guds hjelp.

Kjem du då i snakk med ein sjælesyrgjar og han forkynner evangeliet for deg, så vil du seia: Ja, det veit eg, og eg twilar ikkje på Jesus og evangeliet, men du kjenner ikkje meg, og du veit ikkje korleis eg er. Eg er ikkje slik at eg kantru det gjeld meg.

Kva er årsaka til at du tenkjer slik? Det er av di du ikkje kjenner Guds rettferd — løyndomen i evangeliet — og derfor strevar du ennå etter å grunna di eiga rettferd. Sidan du ikkje kjenner Jesus, så er det ennå du som er problemet og deg sjølv du krinsar omkring. Lina Sandell sine ord passar på deg: «Men kor den arme sjela då enno därar seg, som trur at ho kan versta nåden verdig, som først vil døyda synda og sidan tru på deg eingong når hennar betring rett vert ferdig, som først vil versta heilag og ven og rein og god, og sterkt i tru og kjærleik og von og tolsamt mod — og sidan versta barn av faderhuset.»

Men ikkje alle strevar her. Mange av jødane hadde det lukkast for, som t.d. Saulus og farisearen i templet. Dei gav Gud æra for at dei ikkje lenger var ein syndar, ein horkarl eller og som den tollmannen der, men ein gudfryktig mann som gav tiend av alt det han tok inn. Og sett med det menneskelege auga, så var nok det rett og sant. For deira rettferd, liv og tenesta for Gud gjekk nok langt framom oss som lever i dag. Men likevel sa Jesus: Blir ik-

kje dykkar rettferd mykje større enn deira, så kjem de ikkje inn i Guds rike. For dei hadde ikkje bruk for Jesus, kjende ikkje han som Lammet. Dei tolde ikkje han eller orda hans, og dei var i mot han i si ånd og sitt hjarta.

Slike møter me også i vår tid. Dei lever som gode menneske og som gode «kristne» i ord og i ferd, så dei kan måla seg med kven som helst. Det har lukkast for dei med kristenlivet og med tenesta.

Er du ein av desse, då er du glad og takksam mot Gud og du gir han æra for det. Då er det lenge sidan du har erfare å vera ein syndar, ei utfattig sjel som inkje i seg har, som åleine finn nåde, lækjedom og trøst i ordet om Jesu sår og blod. Kanskje du aldri har erfare det? Då er di ånd rik og ditt hjarta utan nåde-behov, og du set di lit til det du ved Guds nåde er. har opplevt og gjort for Gud. Du samanliknar deg med andre, og hjarta og ånda er hard og kald — utan Jesu sinn og kjærleik.

Her står også sanne kristne i fære for å enda, det er dei første kristne menigheter i Efesus, Sardes og Laodikea vitne om.

Guds frykta sin løyndom.

Kva er så løyndomen i evangeliet? På det spørsmålet svarar Bibelen: «Og som kvar må sanna, stor er den løyndomen i guds frykta: Kristus kom i kjøt! D.v.s. at Kristus kom og blei menneske, ein av vår slekt. «Men då tida var fullkoma, sende Gud son sin, fødd av ei kvinne, fødd inn under lova, så han skulle kjøpa dei frie som var under lova, så me skulle få barneretten» (Gal. 4, 4—5)

Løyndomen i evangeliet er at Gud har avsett oss som uduglege, og sett Kristus i staden for oss, for å gjera det

me ikkje kunne og for å vera det me ikkje er. Inne for Gud er det ingen skilnad på menneske. Der er det ingen skilnad på den rike yngling, som heldt alle Guds bod frå han var ung, og på røvaren på krossen. Heller ikkje på Nikodemus, Israels lærar, og kvenna ved Jesu føter som hadde levt eit syn-defullt liv. «Så som skrive står: Det finst ingen rettferdig, ikje ein einaste, det finst ikkje den som er vitug, det finst ingen som sokjer Gud. Alle er dei avvikne, dei er duglause vortne alle ihop det finst ikkje nokon som gjer godt, det finst ikkje ein einaste ein» (Rom. 3, 10 — f.) «For det finst ingen skilnad, alle har synda og vantar æra for Gud, og dei vert rettferdigjorde ufortent av hans nåde ved utløysinga i Kristus Jesus» (Rom. 3, 22—24). «Men skrifta har stengt alt inn under synd, så det som var lova, skulle ved tru på Jesus Kristus verta gjeve dei som trur.» (Gal. 3, 22).

Her ser me av Guds ord at alle menneske er urettferdige, duglause og ærelause for Gud, her er det ingen skilnad. Alt det eit menneske er og gjer, har Gud stengt inn under synd, både det me menneske kallar for godt og for vondt. Og du lyt frelsast like mykje frå det hjå deg som du trur er godt, som frå det du veit er vondt. Me menneske skil mellom vondt og godt hjå oss, og mellom vonde og gode menneske, men Gud seier at det finst ingen som er god eller gjer godt. Trur du ikkje Gud her, så vil du aldri få sjå løyndomen i evangeliet, og du kjem til å halda fram med å sokja di eiga rettferd.

Løyndomen er at frelsa er ferdig, og alt er gjort i av og ved Kristus, og den blir gitt kvar den som trur. Skrifta forkynner at synda er sona, Gud er forlikt, straffa er liden, skulda er be-

talt, Kristus er død for alle. «For av nåde er de frelse, ved tru, og det ikkje av dykk sjølve, det er Guds gāva, ikkje av gjerningar, så ikkje nokon skal rosa seg». (Efes. 2, 8—9).

« — Ropa til henne at *striden hennar er enda, og skulda hennar er kvitta*, at ho har fenge av Herrens hand twilfelt for alle sine synder».

Har du sett at dette gjeld deg, for alle, men over alle som trur. Du spør kva du skal *gjera* for å bli frelst, og skrifta savarar: *Tru på den Herre Jesus!* *Høyr, så skal sjela di leva!*

Med til løyndomen høyrer også at Kristus kom ikkje for å kalla rettferdige, men syndarane, dei skuldige og fortapte. For medan me endå var vanmektige, døydde Kristus til fastsett tid for ugudelege — men Gud syner oss sin kjærleik med di at Kristus døydde for oss medan me endå var syndarar» (Rom. 5, 6).

Dette stadtvester skrifta ved å visa at alle som blei frelst, blei frelst der dei var og som dei var, som syndarar, skuldige, dømde av Gud, seg sjølve og av andre menneske, vanmektige, hjelpeause og fortapte. Og dei blei frelse alleine ved å høyra og tru på Jesus og ordet om han. «Du kan ikke tro, å, men *kjære så hør*: Gud har jo sin sønn for deg givet! Kom hit, kom til korset, se Lammet som dør! Dets blod

har ervervet deg livet og synden fra verden borttaget»

At du alltid har ei opna dør inn til Jesus og evangeliet, høyrer også med til løyndomen i guds frykta. Korleis det går deg og kva ei stoda du så kjem i, så vil du alltid finna denne vegen open. Tenk berre på David, han som fall i hor og drap, og vakna opp ved Natan sine ord: Du er mannen. Då han erkjente si synd og skuld for Gud møtte han ei opa dør: »Så har og Gud teke bort synda di.» Eller tenk på Peter, som fornekta sin Herre og frelsar. Men då han såg kva han hadde gjort og i anger og sorg vende seg til Jesus, så fann han frelsarfavnen open og møtte berre miskunn og nåde. «*Hvor dan det går*, barn kan du alltid få vere.»

Løyndomen i livet med Gud, det er alltid å vera den du er, inne for Gud og overfor menneske. D.v.s. å gi Gud rett i at du er slik du ser deg i Guds spegel — skrifta. Den som vil vera noko, og prøver å gjera seg betre enn han er, han er ein styggedom for Gud og for menneske. Men den som kjem som han er, vil det alltid gå godt for hjå Gud. «Kom som du er til din frelser, smittet av vantroens dynn; Blodet som fløt fra hans vunder, renser din sjel fra all synd.»

Frå arbeidet vårt

Styret hadde møte i Norheimsund 28.—29. desember. Der blei det lagt planar for arbeidet i det nye året, og me tek her med ein del av dei.

Forkynnarane sine reiseruter

vinteren 1967:

Jon Berg: Agder, Voss, Telemark

frampå våren. Påske i Haugesund og Randaberg.

Ole Brandal: Oslo-Østfold, til disp. for leiariane. Påske i Askim.

Anders Eide: Vitjar nye stader, så langt han har tid. Påske i Namdalen.

Påskemøta :

Namdalens 22.—24. mars : Møtet blir på Spillum, og talarar blir Anders Eide og Amund Lid. Send innmelding til Angel Aglen, Namsos, tlf. 2696, innen 15. mars.

Askim høgare skule 22.—24. mars : Talarar blir Ole Brandal og G. Nygård. Send innmelding til Sigmund Hjorthaug, Knapstad, tlf. Spydeberg 256, innan 15. mars.

Haugesund 22.—24. mars : Talarar blir Jon Berg og G. Hjorthaug. Send innmelding til Klara Haldorsen, Rogalandsgt. 142c, Haugesund, innan 15. mars.

Prisen for opphaldet på påskemøta blir kr. 40,00, for barn under 15 år kr. 20,00.

Bygland : Møte ved Reidar Linkjendal. Norheimsund : Møte ved Olav Aakhus.

Sumarskulane sumaren 1967 :

Namdalens 28. juni — 2. juli : Leiatar blir Magnar Aandal og Ole Brandal. Talarar blir Brandal, Hjorthaug og Aakhus.

Sannidal 19. — 23. juli : Leiatar blir form. i Sannidal og Jon Berg. Talarar blir Berg, Brandal, Lid og Nygård.

Varaldsøy i Hardanger, 2 — 6. aug.: Leiatar blir A. J. Hartveit og Amund Lid. Talarar blir Eide, Lid og Linkjendal

Dette var litt om styret sine planar. Men alt avheng av Guds velsigning, om det skal bli til frelse for sjelene og framgang for Guds rike mellom oss. Nyttar derfor tida til å be for forkynnarane og sjelene som kjem til møta.

Gudmund Hjorthaug : Trondheim og Namdalens i jan./febr. og Sunnmøre i mars/april. Påske i Haugesund og Avaldsnes.

Amund Lid : Telemark, Rogaland. - Påske og framover i Namdalens og Trondheim.

Reidar Linkjendal : Sunnhordland, Bømlo. Påske i Bygland.

Godtfred Nygård : Hardanger, Bergen, Os, Sogn, Masfjorden. Påske i Askim og Sannidal.

Margrete Skumsnes : Reiser det ho har høve til utanom bladet og lydbandsentralen. Etter samråd med formannen. Påske blir ho med på Askim.

Olav Aakhus : Haugesund og omegn. Påske i Norheimsund.

Teltverksemda sumaren 1967 :

Jon Berg blir leiatar og forkynnbar i tida mai—juli, og Gudmund Hjorthaug i august. Dei syter sjølve for å få med dei talarar og songarar dei treng. De som ynskjer teltmøte i sumar, kan venda dykk til den som er leiatar i den tida de ynskjer møta. Sumartida viser seg å vera ei god tid for arbeidet, så de må gjera det de kan for å få til teltmøte. Men ver ute i god tid og meld frå til leidarane, så der blir tid til å ordna alt som trengs.

Ferien for dei faste forkynnbarane 1967 : Juni : Amund Lid, August : Jon Berg. Juli : Hjorthaug.